

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/3423-7

## SFJ 2019 innsparingstiltak samferdslesektoren

### Saka vert fremja utan administrativ tilråding

#### Vedlegg:

Samletabell med moglege innsparingstiltak  
Samledokument med alle ferdigstilte utgreingar juni 2015  
Samledokument med alle ferdigstilte utgreingar våren 2016  
Samledokument med samandraga våren 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

I HS-sak 17/16 Økonomiplan 2017 - 20 – Prioriteringar av utgreiingsoppdrag på samferdslesektoren vart det gjort følgjande vedtak, jf. pkt. 2b:

*«Hovudutval for samferdsle tek atterhald om endringar i nivåinndeling innanfor utgreiing 45 til møtet 31. mai. Til dette møtet ber utvalet om at administrasjonen set opp ei samla oversikt over alle moglege innsparingar på samferdslesektoren, slik at hovudutvalet kan tilrå ei samla nivåinndeling.»*

I møte i hovudutval for samferdsle la fylkesdirektøren fram eit notat under sak 26/16 – Skriv og melding (dok. nr 3). Hovudutvalet vedtok følgjande: «Sak til møte 21.06.2016.»

Til møte i hovudutval for samferdsle 21. juni la fylkesdirektøren fram HS-sak 35/16 SFJ 2019 innsparingstiltak samferdslesektoren. Hovudutval for samferdsle gjorde følgjande vedtak i saka:

*«Det skal føretakast ei rangering av tiltaka på dei 3 nivåa.*

*Kvart parti skal i neste møte legge fram sine prioriteringar som grunnlag for eit endeleg vedtak i utvalet.*

*Det skal lagast ein presentasjon av det samla innsparingskravet og konsekvensane av desse for innbygarane i fylket.»*

Fylkesdirektøren legg i denne saka fram dei same utgreiingane som vart lagt fram i HS-sak 35/16.

I HS-sak 35/16 og i denne saka vert det såleis lagt fram utgreiingane som vart presentert for fylkestinget 16. juni 2015 samt utgreiing lagt fram for hovudutvalet i 12. mai 2016.

Vedlagt er også ein samletabell med dei moglege innsparingane på samferdslesektoren.

Nivåinndelinga i samletabellen er basert på vedtaka i HS-sak 17/15 og HS-sak 17/16. Det er lagt inn nokre merknader som omtalar status for tiltaka på nivå 1 på kollektivområdet.

I gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn innsparingar på nivå 1 og 2 i utgreiingane som vart lagt fram i juni 2015. I økonomiplansaka (FT - sak 26/17) som fylkestinget behandla 14. juni 2016 er det lagt til grunn innsparingar knytt til utgreiing #45 ny driftsstandard for fylkesvegar på nivå 1. I tillegg er det lagt inn uspesifiserte innsparingar.

Tabellen nedanfor syner ein samla oversikt over innsparingstiltak i samferdslesektoren i perioden 2016-2020. Det er også lagt inn ei kollone for når fylkestinget gjorde dei ulike vedtaka.

Utgreiing	Samferdsle	Vedtak i FT år	2016	2017	2018	2019	2020
#39	Kortsiktig tiltak	V-2015		-45			
#46	Sognebåten	V-2015	-4,8	-4,1	-4,1	-4,1	-4,1
#43	Vinterstenging av vegar	V-2015			-3	-3	-3
#44	Terminalar og venterom	V-2015			-0,2	-0,2	-0,2
#40	FTU-tiltak	V-2015			-2,2	-2,2	-2,2
#38	Ungdomstilbod	V-2015			-2,3	-2,3	-2,3
#39	Bilruter	V-2015		-0,8	-10,2	-14,9	-14,9
#41	Kollektiv båt	V-2015			-4,5	-6,7	-6,7
#41	Ferjesamband	V-2015			-4	-6	-6
#45	Driftsstandard på fylkesvegnettet	V-2016			-1,8	-6,6	-9,1
	Uspesifisert innsparingskrav	V-2016			-2,2	-7,6	-6,9
	<b>Sum innsparingar på sektor</b>		<b>-4,8</b>	<b>-49,9</b>	<b>-34,5</b>	<b>-53,6</b>	<b>-55,4</b>

### **Særskilt om oppfølging av pkt. 3 i vedtaket i HS-sak 35/16**

Hovudutvalet gjorde i sak 35/16 pkt. 3 vedtak om at «Det skal lagast ein presentasjon av det samla innsparingskravet og konsekvensane av desse for innbyggerane i fylket».

Fylkesdirektøren ser dette vedtaket i samanheng med fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 26/16 Økonomiplan 2017-2020 pkt. 8 «I første møte i finansutvalet vert det ein sekvens der ein får førelagt eit samla oversyn over nedskjeringstiltaka i dei ulike sektorane».

Fylkesdirektøren legg til grunn at oppfølginga av hovudutvalet sitt vedtak vert dekt gjennom omtalen i Arbeidsdokument 4/16 til møtet i Finansutvalet 28. september.